
Strid for fred

- 1) Ja lat oss stride, og lat oss tru,
og byggje med tankar ei bivre bru,
til den heilage, høge framtid!

- 2) Me lever midt i ei villmanns-tid
med blinkande knivar og nevestrid;
og livet er som ein bloddraum.

- 3) Men vita skal me og vone visst,
at ånd må vinne på troll til sist,
og vit på den varge villskap.

- 4) So lat oss tru og stride som menn!
For trui er, som det skrive stend,
den makt som vinner på verdi.

Forklaringer:

Attersteg. Vi dansar 2 attersteg og 4 sviktar av neste. Vi samlar ringen på dei to siste sviktane og jentene trør litt framom gutane, og alle tar armane stilt ned (jentene trør V-H for å kome på rett fot). På "heilage, høge framtid" trør jentene inn i ringen og støyper ljós, medan gutane tar saman og løfter armane høgt opp.

Opplysninger:

Visa er dikta av Arne Garborg (1851-1924) og trykt i første nummer av "Det norske fredsbladet" i 1894. Tonen er laga av Sparre Olsen (1903-1984). Dansemåten laga av Klara Semb byrjinga av 2. verdskrigen. Dansen står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar." (1985).